



Møteinnkalling

Utval: **SOGN REGIONRÅD**

Møtestad: Lærdal sjukehus

Møtedato: 07.12.2018

Tid: 09:30 - 15:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930-0940 Ordførar Jan Geir Solheim ønskjer velkomen til Lærdal
- 0940-1110 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 26.10.2018
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1110-1130 Enkel servering
- 1130-1230 Offisiell opning av det nye MR-tilbodet ved Lærdal sjukehus
- 1300-1330 Prehospital plan
Tom Guldhav, klinikkdirektør Helse Førde
- 1330-1400 Vitensenteret i Sogn og Fjordane
- 1400-1415 Nye varige tilrettelagde plassar til Sogn?
Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt
- 1415-1500 Omvisning på sjukehuset

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
25/18	18/4065-2 Avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
26/18	18/4171-2 Søknad om tilskot for 2019 og 2020 frå Visit Sognefjord
27/18	18/3895-2 Framtidsfylket sine karrieremesser 2019 - søknad om tilskot
28/18	16/596-73 Bustadseminar
29/18	18/4068-1 Handlingsplan 2019 System for styrka læring
30/18	16/480-14 Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2019
31/18	18/4260-1 Handlingsplan for Sogn regionråd 2019
32/18	18/2903-4 Budsjett for 2019 Sogn regionråd
33/18	18/472-11 Orienteringssaker

Sogndal, 30.11.2018

Jan Geir Solheim
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Hanne Ørnehaug
Arkivsak: 18/4065

Arkiv: U01

Saknr.: Utval
25/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 25/18

Avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane inngår avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Forslag til kommuneavtale Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Saksutgreiing:

Entreprenørskap er eige satsingsområde i det regionale utviklingsprogrammet System for styrka læring.

Norsk skule manglar i dag den direkte koplinga mellom teori og praksis. Entreprenørielle aktivitetar vil styrke denne koplinga og gir ein djupare forståing for samheng mellom teori og praksisfeltet. Dette samsvarar også med djupnelæringa som er aktuell i ny læreplan av 2020. Om skulane skal bli meir utviklingsorienterte er entreprenørskap som metode ein viktig innfallsvinkel. Metoden synleggjer korleis nå måla i læreplanen på ein tverrfagleg måte.

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane vil gjennom ein slik kommuneavtale tilby og sikre opplæring til alle skulane i regionen.

Dei tiltaka vi alt har innafor entreprenørskapsarbeidet i regionen blir vidareført:

- Entreprenørskapsmesse: Årleg blir det arrangert entreprenørskapsmesse for ungdomsskuleelevane i dei ni kommunane. Elevar frå 9. klasse presenterer 30 elevbedrifter for elevane i 8. klasse. Messa er eit samarbeid mellom vertskommunen, Ungt Entreprenørskap og regionrådet.

- Entreprenøriell verktøykasse: Feios skule har utvikla *Entreprenøriell verktøykasse*. Verktøykassa hjelper til med å synleggjera korleis vi når måla i læreplanen med entreprenørskap som metode og viser verktøy, arbeidsmåtar og idear som skular kan bruke i arbeidet.

Gjennom kommuneavtalar ønskjer Ungt Entreprenørskap å sikre eit forpliktande arbeid i kommunane, og at dette vert sett i samheng med djupnelæring, mål i læreplan og som eit tiltak i lokalsamfunnskunnskap og –utvikling. Arbeidet vil gje lokal identitetskjennele og sikre at den oppveksande generasjonen ser moglegheiter i eige lokalmiljø/ samfunn som på sikt legg grunnlaget for at ein utviklar framtidens grunderar i regionen. Dette kan òg sjåast i samheng med tilflytting, attraktiv oppvekst- og læringsmiljø med brei kompetanse innanfor tema.

Å byggje kultur for entreprenørskap gir fordeler for unge som skal inn i arbeidslivet, for skulane, for det lokale næringslivet, og for kommunane. Ungt entreprenørskap vil gjennom kommuneavtalar sikre leveranse av entreprenørskapsaktivitetar og opplæring samt skape kultur for denne type metode i grunnskuleopplæringa. Omgrep som livsmeistring, bærekraft og djupnelæring står sentralt i ny læreplan frå 2020, desse omgrepa er svært sentrale i entreprenørskapsarbeidet. Gjennom ein kommuneavtale sikrar ein at:

1. Ungt entreprenørskap tilbyr/ er innhaldsleverandør som pliktar å levere opplæring/kompetanseheving for tilsette i grunnskulen.
2. Ungt entreprenørskap skal årleg i samråd med kommunen utforme ein plan for opplæring i bruk av metodar/ verkty for lærarar og leiarar.
3. Sikre implementering av samarbeidet inn i eigne planar.
4. Ta initiativ til årlege dialogmøte med kommunane.
5. Leverer gratis programmaterieil til skular i arbeidet med entreprenørskap.

Kommunane sitt ansvar vert i hovudsak å sikre at skulane i kommunen jobbar aktivt for å bruke tilbodet ut i skulane. Samarbeidsbidraget vil vera kr 13 000 for kvar kommune i 2019.

Kommuneavtalane med Ungt Entreprenørskap har vore drøfta i ulike fora; i programstyret, i møte med oppvekstleiarane i regionen, næringsnettverk og rektornettverk.

Vurdering:

Midtvegsevaluering av programmet peikar på at entreprenørskap var ein raud tråd i prosjektet Sats på skulen – snu Sogn. Det vart vist til at entreprenørskap er ikkje så synleg som i forløparen og ser ikkje ut til å vera sterkt forankra på kommunalt leiarnivå. Evalueringa trekte fram at entreprenørskap bør bli ein klarare innfallsvinkel igjen, t.d. i forhold til barn og unge og psykisk helse. Kommuneavtale vil medverka til at entreprenørskap vert tydelegare forankra i kommunane.

Med bakgrunn i tilbakemelding frå midtvegsevaluering av System for styrka læring og etter drøftingar i regionale nettverk og i programstyret tilrår vi at kommunane inngår kommuneavtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Ein avtale vil styrke kontinuiteten og kvaliteten på opplæringa, gje ein felles struktur for samarbeidet og leggje grunnlag for eit lokalt entreprenørskapsfokus i kommunane i regionen.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/4171

Arkiv: 223

Saksnr.: Utval
26/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 26/18

Søknad om tilskot for 2019 og 2020 frå Visit Sognefjord

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 250 000 for kvart av åra 2019 og 2020 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Vedlegg:

1. Søknad om tilskot for 2019 og 2019
2. Marknadsplan 2018 og 2019
3. Forretningsplan 2015-2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Visit Sognefjord søker om tilskot på kr 250 000 pr år for 2019 og 2020 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har sidan 2013 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Hovudmålet til Visit Sognefjord i perioden 2015-2019 er auke frå 630 000 til 690 000 gjestedøgn og bidrag til auka lønsemd i reiselivsnæringa. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår.

I grunnfinansieringa av selskapet inngår marknadsbidraga frå kommunane og næringa, tilskot frå regionrådet og fylkeskommunen, provisjonsinntekter, inntekter frå annonsekampanjar og prosjektfinansiering, totalt kr 9 001 000 i 2019 og 8 120 000 i 2020. Ved samanslåing til Vestland fylke kjem truleg bidraget frå fylkeskommunen til å forsvinne. Inntektsreduksjonen vil utgjere om lag kr 1,1 mill. Visit Sognefjord er avhengig av ekstern støtte og det er mogleg dei kjem tilbake til regionråd med søknad om auka bidrag frå 2020.

Visit Sognefjord la i 2016 opp til årleg auke i næringsandel frå 5% til 10% i marknadsbidraga frå næringa og auka annonse- og prosjektinntekter i perioden. Dette vert truleg føreslege forlenga for tre nye år frå 2020.

Visit Sognefjord er avhengig av ekstern støtte for å halda oppe eksisterande aktivetsnivå i perioden 2017-2018. Forretningsplan for 2015-2019 og marknadsplanen for 2019 og 2019 er lagt ved søknaden.

Vurdering:

I regionrådet sin regionalplan 2017-2020 er ein av strategiane å støtte Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. Det er sett av midlar i framlegg til budsjett for 2019 med støtte kr 250 000.

Reiselivsnæringa er ei raskt veksande næring. Sogneregionen har hatt ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013, og det er skjedd ei sesongutviding. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Næringsnettverket har ved fleire høve understreka at reisemålsselskapet er viktig for regionen. Selskapet har aukande oppslutning. Visit Sognefjord har ei viktig rolle som pådrivar og koordinator for å utvikla reiselivet i regionen. Administrasjonen tilrår å løyve midlar til Visit Sognefjord og slik medverka til å støtta selskapet som verktøy for reisemålsutvikling og målet om fleire heilårsarbeidsplassar.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3895

Arkiv: 223

Saksnr.: Utval
27/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 27/18

Framtidsfylket sine karrieremesser 2019 - søknad om tilskot

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar i 2019 til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen i 2019.

Vedlegg:

Søknad og budsjett frå Framtidsfylket

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Målsettinga er at å vise fram karrieremoglegheitene som finst i næringslivet i Sogn og Fjordane. Messene er innarbeid som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet vårt.

Framtidsfylket søker om midlar til å gjennomføra neste års karrieremesser i Oslo 26. januar, Trondheim 31. januar og Bergen 13. februar 2019. Budsjettet er kr 2 160 000. Verksemdene dekker sjølve størstedelen av kostnadane. Det vert søkt om kr 60 000 frå kvart av regionråda. Budsjettet ligg ved søknaden. Vi løyvde i fjor kr 60 000 til messene i Bergen og Trondheim.

Vurdering:

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane, og gir oss høve til å profilera regionen og breidden i arbeidsmarknaden. Messene får fram dei spennande jobbane som mange ikkje er klar over finst i vår region. Dette er haldningsskapande arbeid som krev kontinuitet, profesjonalitet og tolmod. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene og utviklar og forbettrar messene på bakgrunn av evalueringar og tilbakemeldingar.

Rekruttering er eit av delmåla i regionalplanen for Sogn regionråd. Støtta frå regionråda utgjør liten del av den totale finansiering, men Framtidsfylket viser til at støtta likevel er viktig for at messene vert gjennomført på ein god måte. Administrasjonen tilrår at det vert løyvd kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar i 2018 til Framtidsfylket sine messer.

Regionrådet har stått for å koordinera deltakinga på messene og har finansiert standen som regionråds kommunane deltek på. Det er sett av midlar i budsjettet til standavgifta og materiell til regionstanden. Det blir også eige arrangement same dag som messa i Bergen.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/596

Arkiv: L71

Saksnr.: Utval
17/16 Sogn regionråd
28/18 Sogn regionråd

Møtedato
16.09.2016
07.12.2018

Sak 28/18

Bustadseminar

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 80 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til gjennomføring av arbeidsseminar om bukvalitet og buformer.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har bustadutvikling som arbeidsområde i regionalplanen for 2017-2020. Eitt av delmåla er at: «Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen». I arbeidet med å gjennomføre tiltaka i bustadstrategien møtest det regionale bustadnettverket for kunnskapsbygging og har tematiske møte for å løyse felles planutfordringar.

Bustadnettverket ønskjer å lage ei dagsamling for kommunane og byggenæringa der ein saman undersøker nye bustadformer og bukvalitet.

Målet med samlinga er å førebu seg på at bustadmarknaden er i endring og at innbyggjarane har andre bustadbehov enn tidlegare.

Målgruppa er planleggarar i kommunane, politikarar, byggenæringa og arkitekt/ingeniørselskap.

Arbeidet vil bli koordinert med Visit Sognefjord sitt arbeid med ny masterplan for reiselivet i Sogn, i trua på at "ein god stad å bu er ein god stad å besøke".

Administrasjonen tilrår at det vert sett av inntil kr 80 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til gjennomføring av bustadseminaret, som går til honorar og reiseutgifter for innleiarar, servering og leige av møtelokale.

Sogn regionråd

Saksh.: Hanne Ørnehaug
Arkivsak: 18/4068

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
29/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 29/18

Handlingsplan 2019 System for styrka læring

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for System for styrka læring for 2019 slik han ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til handlingsplan System for styrka læring 2019

Saksutgreiing:

System for styrka læring er program for barnehage- og skuleutvikling i kommunane i Sogn regionråd. Her er utarbeidd ein overordna programplan for 2013-2021. Handlingsplanen rullerast årleg. Programstyret handsama sak om handlingsplan for 2019 i møte 12.11.2018. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd.

Det overordna målet med programmet og sjølve handlingsplanen er auka læringsutbytte for alle gjennom å auka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Våre seks strategiområde:

1. Systemisk læring/ lærande organisasjon: Samhandling og samarbeid slik at barnehagar og skular utviklar seg som lærande organisasjonar. Systemisk jobbing i fagnettverk for barnehage og skule sikrar progresjon og kontinuitet.
2. Motivasjon og meistring: Målet er å skape meir variert og motiverande undervisning tilpassa eleven.
3. Psykisk helse: Mål å styrke det psykososiale læringsmiljøet. Gjennom partnerskapsavtalar, regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge, KLAPP og gjennom det nasjonale satsingsområdet inkluderande barnehage- og skulemiljø får alle tilsette i barnehage og skule grundig opplæring innanfor tematikken.
4. Entreprenørskap: Styrke elevane sine personlege eigenskapar, kreative evner og trua på moglegheitene i Sogn. Gje dei kjennskap til regionen dei høyrer til, skape lokal identitet som gjer til at dei ser moglegheiter for eiga framtid i eige lokalmiljø. Neste entreprenørskapsmesse er 24. april 2019 i Aurland.
5. Vurdering for læring: Vidareutvikling av vurderingskultur og vurderingspraksis.
6. Tidleg innsats: Finne fram til og avdekke behov så tidleg som mogleg, og sette inn tiltak. Sjå samanheng mellom psykisk helse og tverrfaglege og tverretatlege tiltak og tilbod.

Handlingsplanen er hovudreiskapen i utviklingsarbeidet. Planen seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid. Planen set opp mål og delmål for det regionale utviklingsarbeidet.

Handlingsplanen er ikkje «pålegg» der etatane må gjennomføre alt. Alle kan ikkje gjere alt. Barnehagar og skular må planleggje inn tiltak og aktivitetar i tråd med analyse og behov i eigen organisasjon, og må sjåast i samsvar med eigne utviklingsplanar, samt kommunane sine eigne planar og behov.

Etablering av «pedagogisk utviklingsteam» i kvar kommune vil vera eit viktig tiltak. Då får kvar kommune sitt eige «programstyre» for å diskutere og koordinere behov og tiltak i eigen kommune. I dei kommunane som har slike team har kommunalsjef/ eigar jamlege møte med styrarane, rektorane og tillitsvalde.

I samband med handsaminga av handlingsplan vert kommunane oppmoda om å sikra politisk og administrativ forankring av planen.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/480

Arkiv: 130 N00

Saksnr.: Utval
30/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 30/18

Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2019

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek at samferdsleplanen for 2016-2018 gjeld for 2019 og at arbeidet med ny plan vert starta opp neste år.

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for 2019 slik han ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til handlingsplan for 2019
Samferdsleplan for Sogn regionråd 2016-2018

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Samferdsleplanen for 2016-2018 vart vedteke i 2016. Samferdsleplanen inneheld overordna rammer, milepælar og prioriterte samferdsletiltak, og eit vedlegg med kommunane sine vegprioriteringar. Handlingsplanen blir rullert årleg. Samferdsleplanen legg grunnlaget for påverknadsarbeid retta mot styresmaktene og fråsegner til regional transportplan og nasjonal transportplan.

Vurdering:

Samferdslegruppa drøfta samferdsleplanen i møtet 6.11. og meiner planen har vore eit godt verktøy for å prioritera prosjekt og drive påverknadsarbeid. Blant innspela frå gruppa er at rådet bør retta meir fokus på kommunikasjon i regionen, elbilar og ladestasjonar er aktuelt tema for rådet å arbeida med og utvikling av rutetilbodet for Sognebåten bør spelast inn til nye Vestland. Det vart også vist til pågåande utgreiing om kostnadsregulerande tiltak for Vikafjellstunnelen. 2019 vert eit «mellomår» noko som også handlingsplanen ber preg av i høve aktivitetsnivået. Alliansebygging og dialog med andre regionar vil vera viktig i tida framover.

Planen får fram kva samferdsleløyisingar som er prioriterte i regionen. Arbeidet med å betra samferdsleløyisingane i og ut av regionen er eit langsiktig og krevjande arbeid. At kommunane er så tydelege på felles prioriteringar gir styrke i påverknadsarbeidet og gjer det enklare å få realisert samferdsleprosjekta.

Administrasjonen meiner gjeldande samferdsleplan med prioriterte satsingsområde er dekkande som grunnlag for rådet til å hansama handlingsplan for 2019. Det vil forenkla arbeidet å forlenga gjeldande samferdsleplan for eitt år til og starta arbeidet med ny samferdsleplan i løpet av neste år. Då vil samferdsleplanen bli oppdatert med endringar som følgje av dei nye transportplanane nasjonalt og regionalt. Arbeidet med planen vil bli lagt opp slik at nytt råd får handsama ny plan.

Framlegg til handlingsplan følgjer vedlagt.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/4260

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
31/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 31/18

Handlingsplan for Sogn regionråd 2019

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for Sogn regionråd 2019 slik han ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til handlingsplan for 2019

Saksutgreiing:

Satsingsområda i regionalplanen for 2017-2020 er næringsutvikling, attraktiv buregion, kompetanse og samferdsle. Regionalplanen inneheld delmål og strategiar. Dei er tekne med i handlingsplanen for at dei kan sjåast i samheng med framlegg til prosjekt/tiltak.

Regionalplanen blir rullert kvart fjerde år og handlingsplanen vert rullert årleg. Fleire av tiltaka er vidareføring av eksisterande tiltak og nokre prosjekt/tiltak er nye. Fleste tiltaka går over meir enn eitt år og er langsiktige. Det er prøvd å få ei meir spissing i prosjekta i høve til tidlegare plan.

Blant dei tiltaka som blir vidareført frå årets handlingsplan er:

- Støtte arbeidet med utvikling av Sogn som berekraftig reisemål
- Støtte Visit Sognefjord sitt sykkelprosjekt i regionen
- Støtte karrieremessene i regi av Framtidsfylket og koordinera deltaking til regionstand
- Halda fram med prosjektet for bustadutvikling i Sogn
- Vidareføra partnarskapsavtalen for fleire læreplassar i Sogn

Dei nye prosjekta/tiltaka er:

- Støtte utgreiingsprosjekt for nye miljøteknologiske løysingar for å møte klimaendringane
- Vera pådrivar for regionalt samarbeid innan integrering for flyktningar og innvandrarar.
- Få betre fram karrieremoglegheitene i kommunen som organisasjon på Framtidsfylket sine messer.

Vedlagt følgjer framlegg til handlingsplan for 2019.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 18/2903

Arkiv: 150

Saksnr.:	Utval	Møtedato
15/18	Sogn regionråd	14.09.2018
32/18	Sogn regionråd	07.12.2018

Sak 32/18**Budsjett for 2019 Sogn regionråd****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2019 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjett for 2019

Saksutgreiing:

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 8 685 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 2 176 000, kontingent kr 3 518 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 380 000. Kontigenten dekker regionale utviklingstiltak med kr 150 000 og drift med kr 3 418 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule). Omfanget av utføring av oppgåver frå GIS-koordinator til SIMAS er redusert med kr 53 000 og vil bli dekket av fondsmidlar for 2019.

Eksterne midlar er knytte til kompetanseutvikling i barnehagar, psykologisk folkehelse, fylkeskommunale utviklingsmidlar og læringsmiljøprosjektet.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 611 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Vedlegget viser oversikt over kostnadsfordeling for kommunenett og GIS-løysing.

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane vart budsjetttramma lagt fram for regionrådet i septembermøtet. Det er ikkje gjort andre endringar enn ei auke i bruk av fondsmidlar med kr 50 000.

Framlegg til budsjetttramme for 2019 følgjer vedlagt.

Vedlegg - Framlegg til budsjett for 2019

		Budsjett 2018	Budsjett 2019
	7501 Sekretær		
10100	Løn faste stillingar	797 000	868 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12701	Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	265 000	272 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 109 000	-1 137 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	0	-50 000
			0
	7502 Drift råd SR		
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
			0
	7503 Rådmann SR		
11151	Servering	10 000	10 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-10 000	-10 000
			0
	7510 Kommunenett SR		
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 060 000	1 060 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 036 000	-1 036 000
17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-24 000	-24 000
			0
	7511 IKT SR		
11953	Kontingentar og medlemsskap	18 000	18 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-18 000	-18 000
			0
	7512 GIS-koordinator		
11151	Servering	5 000	5 000
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12701	Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	5 000	5 000
14500	Overføring til andre kommunar	826 000	847 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-799 000	-820 000
17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-74 000	-21 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	0	-53 000
		0	0
	7513 GIS-løysing		

11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	700 000	718 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-559 000	-575 000
17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-141 000	-143 000
			0
7520 Psykisk helse			
14700	Overføring til andre (private)	50 000	0
19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	0
			0
7521 Psykologisk folkehelse			
10300	Løn ekstrahjelp/engasjement	826 000	847 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	50 000	50 000
18106	Andre statstilskot	-410 000	-410 000
18900	Overføring frå andre (private)	-431 000	-442 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-35 000	-45 000
			0
7550 RUP SR			
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.	140 000	140 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - Kun budsjett	280 000	280 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-125 000	-125 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-195 000	-195 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-110 000	-110 000
			0
7551 Reiseliv SR			
14700	Overføring til andre (private)	250 000	250 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	-150 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000
			0
7555 Rekruttering SR			
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	-80 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-70 000	-70 000
			0
7557 Ungdom SR			
11500	Kurs og konferanser	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
			0
7558 Skule adm SR			
10100	Løn faste stillingar	820 000	841 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	0	0
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	15 000

12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	5 000
12701	Kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	102 000	102 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-972 000	-993 000
			0
7559 Skule kompetanse			
14900	Avsetjing til seinare fordeling - Kun budsjett	767 000	0
18106	Andre statstilskot	-767 000	-251 000
14700	Overføring til andre private	0	251 000
			0
7560 Skule Entreprenørskap			
11500	Kurs og konferanser	140 000	140 000
11703	Anna persontransport	100 000	100 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-25 000	-25 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	-75 000
18500	Overføring frå kommunar	-25 000	-25 000
18900	Overføring frå andre (private)	-40 000	-40 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-75 000	-75 000
			0
7561 Skule fagnettverk SR			
14500	Overføring til andre kommunar	380 000	390 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-300 000	-300 000
19500	Bruk av bundne driftsfond	-80 000	-90 000
			0
7563 Barnehage SR			
11500	Kurs og konferanser	305 000	305 000
14700	Overføring til andre (private)	15 000	15 000
18106	Andre statstilskot	-320 000	-320 000
			0
7571 Læringsmiljøprosjektet			
14500	Overføring til andre kommunar	0	767 000
18106	Andre statstilskot	0	0
19500	Bruk av bundne driftsfond		-767 000
			0

Kontigent for 2019

Kommune	Folketal 01.01.18	Fast del	Variabel del	Sum 2019	Sum 2018
Aurland	1778	195 444	94 989	290 433	285 103
Balestrand	1262	195 444	67 422	262 866	258 981
Høyanger	4154	195 444	221 925	417 370	410 897
Leikanger	2345	195 444	125 280	320 725	313 633
Luster	5223	195 444	279 036	474 480	461 204
Lærdal	2153	195 444	115 023	310 467	304 576
Vik	2674	195 444	142 857	338 301	334 049
Sogndal	8059	195 444	430 548	625 992	607 257
Årdal	5277	195 444	281 921	477 365	472 302
Totalt	32 925	1 759 000	1 759 000	3 518 000	3 448 000

Drift av kommunenett 2019

Kommune	Folketal 01.01.18	Fast del	Variabel del	Sum 2019	Sum 2018
Aurland	1778	64 750	32 012	96 762	96 955
Balestrand	1262	64 750	22 721	87 471	87 962
Leikanger	2345	64 750	42 220	106 970	106 777
Luster	5223	64 750	94 036	158 786	157 580
Lærdal	2153	64 750	38 763	103 513	103 659
Vik	2674	64 750	48 143	112 893	113 805
Sogndal	8059	64 750	145 096	209 846	207 861
Årdal	5277	64 750	95 008	159 758	161 401
Totalt	28 771	518 000	518 000	1 036 000	1 036 000

Drift av GIS-løysing 2019

Kommune	Folketal 01.01.18	Fast del	Variabel del	Sum 2019	Sum 2018
Aurland	1778	35 938	17 767	53 705	52 314
Balestrand	1262	35 938	12 611	48 548	47 462
Leikanger	2345	35 938	23 433	59 370	57 614
Luster	5223	35 938	52 192	88 129	85 026
Lærdal	2153	35 938	21 514	57 452	55 932
Vik	2674	35 938	26 720	62 658	61 407
Sogndal	8059	35 938	80 531	116 469	112 157
Årdal	5277	35 938	52 731	88 669	87 088
Totalt	28 771	287 500	287 500	575 000	559 000

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/472

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
33/18 Sogn regionråd

Møtedato
07.12.2018

Sak 33/18

Orienteringssaker Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
 - Arbeidsgjevarkontroll
 - Legevaktspilot
 - Nav Vestland – utviklingsarbeid region Sogn
5. Administrasjonen
 - Møte med Hardangerrådet, Voss og Vaksdal 9.1.2019 om felles interesser
 - Nye Vestland fylkeskommune – dialogmøte med Sogn regionråd, Hardangerrådet og Voss kommune 6.2.2019
 - Arbeidsseminar om integrering og inkludering for flyktningar og innvandrarar
 - Vidaregåande opplæring:
 - Signert partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
 - Rekruttering til programområda
 - Psykolog:
 - Utgreiing om samarbeid med Helse Førde
 - Samarbeid med Høgskulen – utlysing
 - Risikoområde for flaum og ras – status
6. Prehospital plan - fase 2, Helse Førde
7. Vitensenteret i Sogn og Fjordane
8. Sogneprodukt

Skriv og meldingar:

1. Opplæringstilbodet 2019-2020 – innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 19.11.2018
2. Overgang til NAV Vestland – brev til Arbeids- og sosialdepartementet, 21.11.2018
3. Referat frå møte i helsegruppa 26.10.2018
4. Referat frå møte i samferdslegruppa 6.11.2018 og presentasjon frå Nasjonal rassikringsgruppe
5. Referat frå møte i næringsgruppa 12.11.2018
6. Referat frå møte i programstyret System for styrka læring, 12.11.2018